



# Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr. 02 april 2010

## Årsmøte i Velledalen i Balanse AS

Onsdag den 21. april kl 2000 vert det årsmøte i ViB på grendahuset. ViB er eit aksjeselskap, men det er og grendalaget i Velledalen, og styret ynskjer at flest muleg, også dei som ikkje er aksjonærar møter fram. Har du ei sak du vil ha behandla på årsmøtet så send den til styret innan torsdag den 15.april. Lever den gjerne på Joker.

## Velledalen Privatskule AS er etablert

Foreldra i Velledalen har tidlegare vedteke at det vert privatskule i grenda om den kommunale skulen vert lagd ned.

Søknad om å starte opp privatskule i Velledalen er no sendt til Utdanningsdirektoratet.

Det er søkt om å drive skulen etter Montessoripedagogikken.

Selskapet Velledalen Privatskule AS, som er eigd av folket i dalen, er skipa og registrert i Føretaksregisteret.

## Varm skulemat ved Velledalen skule

Det var høg piratfaktor ved Velledalen skule sist torsdag. Servering av piratsuppe stod på menyen. Stemninga på kjøkkenet var spent og Marit Hole og Ingrid van der Velde hadde full konsentrasjon om matlagninga. Elevar frå skulen pynta og dekka borda. Sidan det var piratsuppe som stod på menyen så var både elevar og lærarar utkledd som pirater. Like før piratane skulle benke seg i matsalen dukka både NRK og Sykkylvsbladet opp. Piratane koste seg verkeleg kring borda. Dette tiltaket vert fast kvar torsdag fram til sommaren. Dei som står bak prosjektet er FAU ved Velledalen Skule, Økoløft Sykkylen, Tindemat BA, Velledalen Grendahus og Velledalen i Balanse AS

Det vert gratis for skuleborna no i prøveperioden. Alle som står bak prosjektet er med og hjelper til kvar på sin måte. Kostnaden tek Velledalen i Balanse. Vi driv, som alle veit, Jokerbutikken.

Velledalingane er flinke til å bruke butikken. Det gjeld både lag organisasjoner og folket i dalen. Butikken har gått med overskot dei siste åra, og no vil styret bruke ein del av overskotet til dette prosjektet. Ein skal leite lenge for å finne noko betre å bruke pengane på enn skuleborna i dalen!

## Open kafe

Frå komande torsdag vert det og høve for andre til å kome å kjøpe seg middag. Det vert ope frå kl.12.30 – 15.00. Menyen er den same som til skuleborna. Prisen er kr 80,-. Kaffi og evt kaker kjem i tillegg.

## Bygdemobiliseringsprosjektet

Det vert nytt møte fredag 16. april kl.19.30 – 21.30. Det har vore bra oppmøte på desse møta, men vi har mykje å gripe fatt i, so vi oppfordrar flest mogleg til å møte opp.

## Puben er avlyst

Det har vore annonser med pub fredag den 16.april, men denne vert avlyst. Neste pub vert då 7.mai.

## Styreleiar i Velledalen symjehall

På generalforsamlinga la valnemda fram forslag om ny styreleiar i symjehallen, og denne vart vald. Det har i ettertid visst seg at denne personen ikkje hadde tatt på seg leiarvervet, men berre sagt ja til å vere styremedlem. Ein manglar no styreleiar , og det kjem difor til å bli kalla inn til ny generalforsamling.

[www.velledalen.net](http://www.velledalen.net) passerte 100 000 treff 11.april.

## Kva skjer framover?

17.april kl.17.00 Sykkylven Frilynde Ungdomslag inviterer til pensjonistfest på grendahuset.

21.april: Generalforsamling i Velledalen i Balanse.

23.april kl.19.00 Paul Otto Brunstad og Arnfinn Haram inviterar til Velledalsseminar med temaet verdiar.

30.april: Minikonrad

1.mai: Konradløpet kl.05.00

7.mai: Bygdemobiliseringsmøte kl.19.30

7.mai: Pub kl.21.00

15.mai: Hurricane, The songs of Dylan på grendahuset. Arr.: Lag på lag

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.